

Vi varmar opp til Haustfesten med videoen Bygdafest.

09.10.2016



Frå sceneinnslag på haustfesten 2015. God stemning!!

Det nærmar seg Haustfest. Det er berre to veker att. Datoen er 22.oktober. For å koma i rette stemningen, kan vi nyta videoen Bygdafest som i hovudsak er spela inn i Helgheim. Dansebandet EDO spela inn songen Bygdafest då dei gav ut sitt første album i 2005. Den har etterpå blitt sett over 13.000 gonger på youtube.

Sjølv om Ove Eikemo hadde bygdafestane heime på Børmlø i tankane då han skreiv teksten til Bygdafest, kjenner vi oss svært godt igjen i slik desse festane var i Helgheim. Dei tradisjonsrike Haustfestane gjekk inn i ei årvisse rekke med populære bygdafestar. Stemninga var alltid på topp, og det kjem godt fram på videoen til EDO. Vi håpar det vert slik om 14 dagar og. Mange kjende ansikt deltar også på videoen.

[Klikk her så kan de høyra og sjå Bygdafest med EDO](#) og koma i den rette stemninga. Fleire har publisert den på youtube, og den er i alle fall sett over 13.000 gonger. Imponerande!

På Haustfesten er det eit anna dyktig danseband frå ytre luten, Trinity, som syt for dansemusikken. Dei er svært etterspurde for tida. Elles byr programmet på song av Røysterett, musikk av musikklaget, tale av Egil Myklebust, lagsbladet Daltrekk av Møyfrid Kristoffersen, sceneinnslag, matøkt og meir.

Til festen vert det berre selt 100 billettar. Påmeldinga er godt i gang. Meld dykk til: rigmor@knett.no eller bodilgbj@online.no.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen